

## Ådalen allé - nye omsorgsbustader våren 2019

Skodje kommune byggjer nye omsorgsbustader i Skodje sentrum. Det vert lagt til rette for heimebasert omsorg etter behov, og ved tildeling vil det bli lagt stor vekt på tryggleik og meistring i kvardagen. Prosjektet har som målsetting å legge til rette for eit godt bumiljø. Utforminga av bygget gir høve til sosialt fellesskap, samstundes som det er ein privat heim. Bygget legg til rette for rasjonell og effektiv omsorgsteneste med eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette.

Bygget har 24 leilegheiter med felles opphaldsrom og areal for personalet. Boder og garasjelegg i underetasje.

Prosjektet oppfyller dei nyaste energi- og miljøkrava, samt Husbanken sitt regelverk og rettleiingar.

Bygget er plassert i Skodje sentrum, på nordsida av fylkesveg 661, like aust for Skodje omsorgssenter. Tilkomst frå Ådalen allé.

### Omsorgsteneste for dei som treng det

Bygget er tilpassa eldre og andre med behov for omsorgstenester, og skal ha tilbod på omsorgsnivå mellom heimebasert omsorg og institusjonsplass. Plass vil bli tildelt innbyggjarar som har nytte av tenester på dette nivået.


Det er vedteke følgjande kriterium for tildeling:

A) Heildøgnsbemanna omsorgsbustad kan tildelast til personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester. Søkjar må likevel ha ei viss evne til å utføre daglege gjeremål. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering ut frå evna til eigenomsorg, kognitiv tilstand og ressursar hos eventuelt andre i husstanden.

B) Tildeling av heildøgnsbemanna bustader vert gjort på bakgrunn av ei samla fagleg kartlegging av funksjonsnivå, helsetilstand og etter individuell vurdering der søkjar sine ressursar og brukarmedverknad vert vektlagd.

Som bebuar er det eit mål at ein saman med personalet arbeider for å oppretthalde funksjonar slik at ein kan vere så sjølvstendig som mogleg i bustaden. Når ein ikkje lenger kan nyttiggjere seg tilbodet i omsorgsbustaden på grunn av endringar i helsetilstand eller funksjonsnivå, vil sjukeheimsplass vere neste steg.





## Bustader

Sjølvtendige leilegheiter er dimensjonert med plass til alle sentrale bustad-funksjonar. Dei inneheld kjøkken/ stove, soverom, bad og bod.

I tillegg kjem bod i underetasje.

Bad og kjøkken er spesielt lagt til rette for å sikre sjølvtende og tryggleik for brukarane.

Overflater, dører, vindauge og fast innreiing er tilpassa spesielt for universell utforming.

På same måte er plassering av brytarar og stikkontakter innanfor rekkevidde for dei som nyttar rullator eller rullestol.

Alle leilegheitene har eigen terrasse.

Felles dagstove er plassert inntil aktivitetsrommet med ein foldevegg slik at det er mogeleg å lage eit stort rom ved behov. Dagstova ligg ved hovudinngangen, og gir god

sambruk med det sørvendte ute-rommet. I underetasjen er det ein gjestehybel.

Alle areal er førebudd for moderne velferdsteknologi.

## Romløyising, interiør og fargeval

Konstruksjonar er dimensjonert for å takle montering av innreiing, støttehandtak og tekniske hjelpemiddel. Utvendige material og utforming er valt med tanke på avgrensa behov for vedlikehald. Kjøkken og bad har heve-/ senkefunksjonar.

## Husleige

Husleiga er fastsett til kr 8 200,- pr. måned, pluss straum kr 600,- pr. måned. Husleiga inkluderer internett, TV, renovasjon og kommunale avgifter.

## Søknad

Dersom ein ønsker å søke på desse leilegheitene kan ein gjere dette via søknadsskjema på kommunen si heimeside, under skjema. (Velg helse- og omsorgstenester – søknadsskjema), eller ved å ta kontakt med koordinerande eining på telefon 994 93 553 / 477 00 417.

"Kommunenytt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no